

Det hender vi går inn i ei kyrkje  
Som oftast fordi vi frys  
Men når vi først er der inne  
Tenner vi gjerne nokre lys  
Og kjenner eit lite vemod  
Som når ei god bok skal ta slutt  
eller den forsiktige spenninga  
når vi opnar ein ukjend konvolutt  
Men om vi flyg ut over havet  
Når vi flyg ut over havet  
Når vi flyg ut over havet  
Er det først då vi er fri?

Du tømde ut det siste glaset  
og sa: du må gi meg litt luft  
Eg sa: eg følgjer på vegen  
I bygater, seint i august  
Vi høyrer den fjerne klangen  
Av ein sporvekslar som slår i  
Og duren av elektriske leidningar  
når siste trikken dreg forbi  
Men om vi glir stilt gjennom vatnet  
Når vi glir stilt gjennom vatnet  
Når vi glir stilt gjennom vatnet  
Er det først då vi er?

Vi ventar på den sanne profeten  
Som teier der andre har talt  
Eller kanskje på telefonen  
Som kunne forklare alt  
Vi ventar, vi står stille  
Kjenner regn og vind mot panna  
Og tenkjer at regn er regn og  
vind er vind og ingenting anna  
Men om vi kan sitje i regnet  
Når vi kan sitje i regnet  
Når vi kan sitje i regnet  
Er det først då?

Ja, om vi flyg ut over havet  
Om vi glir stilt gjennom vatnet  
Om vi kan sitje i regnet